

Irene Slåtta

Nytt for oss – nyttig for andre?

Ei undersøking om arkivutviklingsmidla frå
Arkiiverket leiar til innovasjon i arkivsektoren

Bacheloroppgåve i Arkiv- og samlingsforvaltning

Rettleiar: Svein Carstens

Mai 2023

Irene Slåtta

Nytt for oss – nyttig for andre?

Ei undersøking om arkivutviklingsmidla frå
Arkivverket leiar til innovasjon i arkivsektoren

Bacheloroppgåve i Arkiv- og samlingsforvaltning
Rettleiar: Svein Carstens
Mai 2023

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for lærarutdanning



1	Innleiing	2
1.1	Bakgrunn for oppgåva	2
1.2	Problemfelt	2
1.3	Formålet med oppgåva.....	2
1.4	Problemstilling og forskingsspørsmål.....	2
1.5	Teoretisk referanseramme.....	3
1.6	Metode	3
1.7	Strukturen i oppgåva.....	3
2	Teori.....	3
2.1	Paradigme i arkiv	3
2.2	Innovasjon	4
2.3	Bevaring, tilgjengeleggjering og formidling.....	5
2.4	Utfordringar	5
2.5	Sluttrapport Prosjekt- og utviklingsmidlar på arkivfeltet 2023 –2026.....	6
2.6	Samandrag	7
3	Metode	7
3.1	Avgrensing av oppgåva	7
3.2	Kvantitative metode.....	8
3.3	Kvalitativ metode.....	8
3.4	Korleis skal resultata målast?.....	9
3.5	Manglande sluttrapport	9
3.6	Omfanget av oppgåva	9
4	Resultat	9
4.1	Søknader 2015–2020	9
4.2	Bakgrunn for tildelingane	10
4.3	Statsbudsjettet 2015 – tildelingsbrev	10
4.4	Måla for utviklingsmidla	10
4.5	Tilgang gjennom sluttrapporter.....	10
4.6	Statsbudsjettet 2019 – tildelingsbrev	11
4.7	Søknader 2019	11
4.8	Kva ynskjer søkerane å oppnå?	12
4.8.1	<i>Arkiva skal koma mange til gode</i>	12
4.8.2	<i>Teknologien skal koma mange til gode</i>	12
4.8.3	<i>Vil fremje samarbeid og heilskap.....</i>	13
4.9	Måloppnåing for søkerar med mottekte midlar 2019.....	13
4.9.1	<i>Raudt nivå for måloppnåing 2019.....</i>	14
4.9.2	<i>Gult nivå for måloppnåing 2019</i>	14
4.9.3	<i>Grønt nivå for måloppnåing 2019.....</i>	19
4.10	Sluttrapportar Perioden 2015–2020	22
4.10.1	<i>Fokusåret 2019.....</i>	23
4.10.2	<i>Oppsummert</i>	23
5	Døfting.....	24
6	Konklusjon.....	28

Innleiing

1.1 Bakgrunn for oppgåva

Arkivverket har sidan 2015 disponera prosjekt- og utviklingsmiddel for tiltak som skal *styrke sikring og tilgjengeleggjering* av arkiva i samfunnet. Midlane kjem frå spilloverskotet til Norsk Tipping og er sett av til einskildaktivitetar, til landsomfattande eller regionale samarbeidstiltak og til utvikling av fellesløysingar. Sidan 2015 og fram til i dag har Arkivverket motteke rett i overkant av 600 søknader og dela ut nær 80,5 millionar til 272 ulike prosjekt i offentlege og private arkiv. Arkivverket har kvart år ulike innsatsområde som tiltaka skal gå til, men har i praksis gått til to hovudområde:

- Privatarkiv, der det og har vore mogleg å søkje om bevarings- og sikringstiltak
- Utvikling av sektoren, der det kan søkjast om støtte til *innovative tiltak* på nasjonalt nivå (Arkivverket, 2022a, min kursiv).

1.2 Problemfelt

Arkivverket har i eit skriv på sine nettsider 07.03.2022 kunngjort at dei ikkje er nøgde med resultata av arkivutviklingsmidla. Erfaringa deira er at «det ikke søkes om innovative tiltak i like stor grad som forventet og ønsket» (Arkivverket, 2022a).

1.3 Formålet med oppgåva

Formålet med oppgåva har vore å sjå om politiske føringar frå Kulturdepartementet og innsatsområda til Arkivverket har initiera til innovasjon gjennom arkivutviklingsmidla. Eg har òg undersøkt om gjennomføringa av arkivutviklingsprosjekta har leidd til resultat i tråd med innsatsområda og søkerane sine eigne målsettingar. I samband med eventuelle utilfredsstillande resultat av prosjekta har eg sett på årsaker både hjå søkerane og Arkivverket.

Eit eige tema har vore å sjå om *vilkåra* for å ta i mot arkivutviklingsmiddel blir oppfylt ut over at søkerne passar inn under innsatsområda. Størst plass får vilkåret om å *dele* erfaringar av prosjekta. Samla vil dette kunne gje eit bilet av om utviklingsmidla slik som dei er praktisert i dag er eit egna verktøy for å stimulere til innovasjon i arkivsektoren.

1.4 Problemstilling og forskingsspørsmål

Problemstillinga mi er:

Leiar arkivutviklingsmidla frå Arkivverket til innovasjon i arkivsektoren?

For å kunne svare på problemstillinga har eg fylgjande forskingsspørsmål:

1. Korleis legg regeringa og kulturdepartement føringar på arkivutviklingsmidla?
2. Kva har Arkivverket gjort for å initiere til innovasjon gjennom arkivutviklingsmidla?
3. Korleis reflekterer søknadene og resultata av prosjekta forventninga om innovasjon?
4. Kva er årsaka til at arkivutviklingsmidla eventuelt ikkje har leia til innovasjon?
5. Oppfyller alle involverte føresetnaden om å dele resultat, vinstar og røynsler frå prosjekta?

1.5 Teoretisk referanseramme

Med utgangspunkt i tanken om at ein ny digital tidsalder vil gjera det naudsynt å endre måten vi tenkjer på arkiv har eg gjennom arkiv- og innovasjonsteori sett nærmare på korleis vi kan forstå innovasjon i ein arkivfagleg samanheng. Teoridelen inneholder òg konkrete døme på kva for utfordringar arkivinstitusjonar og Arkivverket står over for og introdusering av deira eigen rapport som er eit resultat av ynske om å forbetra resultata av arkivutviklingsmidla.

1.6 Metode

Eg nyttar både kvantitativ og kvalitativ metode for å få svar på forskingsspørsmåla. Svar på føringar har eg funne gjennom ulike stortingsmeldingar, høyningsnotat, tilsegnsbrev og preposisjonar. Arkivverket sine nettsider og dokument eg finn der har gjeve meg kvantitative data. Arkivverket sine tankar og målsettingar med utviklingsmidla har eg òg funne på deira eigne nettsider. Analyse av arkivinstitusjonane sine søknader og sluttrapportar frå utviklingsprosjekt svarar på om måla er nådd både i høve til søkerane sjølv og overordna mål for tildelingane. Til slutt har eg vurdera resultata av funn opp mot Arkivverket sin eigen vurdering av arkivutviklingsmidla «Sluttrapport Prosjekt- og utviklingsmiddel på arkivfeltet 2023–2026».

1.7 Strukturen i oppgåva

Fyrst har eg presentert teori, så metodane eg har brukta, deretter resultata og til slutt drøfting og konklusjon.

2 Teori

2.1 Paradigme i arkiv

Den kjende kanadiske arkivteoretikaren Terry Cook seier i sitt essay *Evidence, memory, identity, and community: four shifting archival paradigms* at vi har gått gjennom 4 faser av arkivparadigmer i dei siste 150 åra. Han meinte i 2012 at vi då var inne i det fjerde paradigmet

som karakteriserast av at arkiva vert demokratisera og får auka involvering frå medborgarane (Cook, 2012). Forfatter John Ridener forutsåg i 2009 at innan 10–20 år ville vi få eit nytt pardigmeskifte innan arkiv. Som alltid som eit resultat av ei type krise innan arkivfeltet, kanskje, seier Ridener, innan bevaring og tilgjenge av digitale arkiv (Ridener, 2009, s. 153).

2.2 Innovasjon

På spørsmål om vi treng innovasjon i offentleg sektor svarar professor emeritus ved Høgskolen i Innlandet (HINN) Rolf Rønning i si bok *Innovasjon i offentleg sektor – innover eller bli innovert* ikkje uventa eit rungande ja. Alle organisasjonar, seier Rønning, treng omstilling og fornying. Utfordringa er å finne nye og betre løysingar på det vi slit med i dag og finne løysingar på nye problem (Rønning, 2021, s. 9).

Kva meiner vi eigentleg når vi snakkar om innovasjon? I Innovasjonsmeldinga frå 2019–2020 vert innovasjon hovudsakeleg knytt til nye måtar å nærme seg eit problem eller å organisere arbeidet på (Meld. St. 30, 2019–2020). Kulturmeldinga frå 2019 legg til grunn Forskningsrådet sin strategi for innovasjon i offentleg sektor når dei seier det er behov for kunnskapsutvikling og innovasjon i sektorane. Der er det *forsking* og *kunnskapsproduksjon* som blir peika på som føresetnader for å nå dei kulturpolitiske måla (Meld. St. nr. 8, 2018-2019). Rolf Rønning viser til Johan P. Olsen sin definisjon av innovasjon som gjeld både privat og offentleg innovasjon: «kreativitet i form av nye ideer, produkter, tjenester, policies, og institusjoner, samt at denne kunnskapen blir akseptert, spredt og iverksatt» (Olsen 2004, i Rønning, 2021, s. 20).

Innovasjon kan vera kjent eller ny kunnskap som kombinerast på ein ny måte eller brukast i ein ny samanheng (Regjeringen Stoltenberg II, 2014). I prosjektsamanhengen her vil det difor kunne vera innovasjon å kopiere gode løysingar frå andre, berre dei tek dei i bruk på sin eigen måte i sitt eige arkiv. Rønning viser til det danske Center for offentlig innovasjon (COI), som meiner det stelast for lite gode idear frå andre. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har òg ein årleg innovasjonspris til kommunane der målsettinga er å spreie gode idear og praksisar til andre (Rønning, 2021, s. 10–11).

I mange samanhengar vert omgrepet «Nytt, nyttig, nyttiggjort» bruka i samband med definisjon på innovasjon. Omgrepet kan vi spore attende til Prop. 146 S (2012–2013) kap. 5.2 Innovasjon i kommunesektoren. Der vart det vist til definisjonen i St.meld. nr. 7, *Et nyskapende og bærekraftig Norge*, der innovasjon vert definera som: «En ny vare, en ny tjeneste, en ny produksjons-

prosess, anvendelse eller organisasjonsform som er lansert i markedet eller tatt i bruk i produksjonen for å skape økonomiske verdier». Dei ynskte å endre definisjonen til «[..]prosessen med å utvikle nye idéer og realisere dem slik at de gir merverdi for samfunnet» då forbeteringar ikkje berre treng gjelde økonomisk meirverdi, men kan ligge i kvalitet og ikkje kvantitet (Regjeringen Stoltenberg II, 2014).

2.3 Bevaring, tilgjengeleggjering og formidling

I St.meld. 24 frå 2009 kom den gong Kultur- og kirkedepartementet med tilrådinga *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*. Her vert det lagt fram to hovudperspektiv i strategien for digitalisering av kulturarv: bevaring og formidling. Det vert lagt stor vekt på at den store mengda informasjon som ligg i ABM¹-institusjonane må gjerast tilgjengeleg. Som dei seier vil millionar av digitale kjelder på nett vera verdilaust for samfunnet om det ikkje vert lagt til rette for bruk og formidla (St.meld. nr. 24, (2008–2009), s. 13–15). Taran Wold og Gro Ween meiner prosessane rundt digitalisering av kulturarv er prega av høge politiske ambisjonar og visjonar ut over det som er mogleg i den kvardagen sektoren står ovanfor. Dei peikar på at nokre prosjekt opplever å lukkas, men at mange prosjekt kollapsar på grunn av økonomi, allokering på ressursar og ulike utfordringar ikring styring og samarbeid, lagringskapasitet og endra strategiar (Wold og Ween, 2018, s. 91). Forskar Trilce Navarrete og professor Karol J. Borowiecki fra *Department of Business and Economics, University of Southern Denmark* seier det å kunne auke og forbetra tilgangen til samlingar er ein viktig drivar for at særleg ABM-institusjonar tek i bruk ny teknologi (Borowiecki og Navarrete, 2017, s. 227). Dei er derimot usikre på i kva for grad kulturarvsinstitusjonar er i stand til å innovere eller i det minste å ta i bruk digital teknologi for å auke tilgangen til samlingane sine. Dei ser på digitalisering som ein indikator på innovasjonspotensiale då dette tyder på at kulturminneinstitusjonane er i stand til å ta i mot ny teknologi og endre arbeidspraksis (Borowiecki og Navarrete, 2017, s. 228–230).

2.4 Utfordringar

I 2017 kom rapporten *Riksrevisjonens undersøking av digitalisering av kulturarven*. Gjennom sine undersøkingar fann dei at Arkivverket mangla ein overordna strategi for digitaliseringsarbeidet og at dei ikkje hadde noko heilskapleg prioritering av det materialet som skulle digitalisera (Riksrevisjonen, 2017, s. 7). Riksrevisjonen peika på at det er eit av hovudmåla for Arkivverket sidan 2010 å leggje til rette for å gjera kjeldemateriale digitalt tilgjengeleg og «yte

¹ ABM-institusjonar: Arkiv, bibliotek og museum

gode og nyttige brukartenester» (Ibid., s. 77). Riksrevisjonen kritisera Arkivverket for ikkje å ha tatt tak i utviklinga av nasjonale fellesløysingar for bevaring og formidling av digitale arkiv, publiseringsetterslep og mangel på fortgang i vidareutvikling av ny programvare for Digitalarkivet. Arkivverket mangla òg ei løysing for å gjera mottekne digitale arkiv tilgjengeleg, men dette hadde dei ikkje sett på som noko aktuell problemstilling så langt, sidan det var få avleverta digitalt skapte arkiv. Arkivverket rapportera at dei jobba med vidareutvikling av ny programvare for Digitalarkivet og at planen var å vera i full drift i løpet av 2016 (Riksrevisjonen, 2017, s. 78).

Sigrid Stokstad, fyrsteamanuensis ved Institutt for offentlig rett på Universitetet i Oslo har stilt seg spørsmålet kvifor Kulturdepartementet presentera ei historisk satsing på Riksarkivet som innehaldt ein oppstart av utvikling av nasjonale fellesløysingar for bevaring og formidling av digitale arkiv i 2019. Ho påpeikar at ei nærast likelydande målsetting vart lagt fram i stortingsmeldinga frå 1999 om ABM-institusjonane i ein digital tidsalder. Kvifor er utviklinga av løysingar i ei oppstartsfasen 20 år seinare? (Stokstad, 2020, s. 91).

2.5 Sluttrapport Prosjekt- og utviklingsmidlar på arkivfeltet 2023 –2026

Som eit resultat av at Arkivverket ikkje var nøgde med resultata av arkivutviklingsmidla invitera dei ulike aktørar til å delta i ei arbeidsgruppe som skal sikre at arkivutviklingsmidla har størst mogleg effekt og i større grad dekkjer sektorens behov. Arbeidsgruppa vart vald for å dekkje ulike sektorar innan private arkiv, kommunale og andre offentlege arkiv samt innovasjon i arkivsektoren (Arkivverket, 2022a). Representantane i arbeidsgruppa kom frå Arkivverket(3), Arkivforbundet, Norsk Arkivråd, Strategisk råd for privatarkiv og KS² (Wang, 2023). Dette resulterta i ein rapport som vart dela på Arkivverket sine nettsider 23.02.2023. I rapporten vert Arkivutviklingsmidla trekt fram som Arkivverket sitt forsøk på å stimulere til meir innovasjon i sektoren ved å vektleggje nyskaping, ny metodikk og testing av nye arbeidsmåtar i utlysinga. Dei seier dei i løpet av perioden dei har dela ut midlar, har spissa innsatsområda og kriteria til å trekke til seg fleire innovative tiltak. Dei seier òg at blant fleire ordningar som dekkjer arkivrelatera prosjekt er arkivmidla den største og einaste som har til føremål å *utvikle* arkivfeltet (Arkivverket, 2023b). Sluttrapporten viser til at Nasjonalbiblioteket og Kulturrådet har gjeve kunnskapsoverføring og spreieing av erfaring frå sine liknande utviklingsprosjekt mykje plass på heimesidene og at Nasjonalbiblioteket «til og med» har laga ein open prosjektbank

² Kommunesektoren si interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon i Noreg.

på sine heimesider der alle kan få tilgang til resultat og vinstar av prosjekta som har fått støtte. Arbeidsgruppa tilrår Arkivverket å gjera noko liknande (Arkivverket, 2023b, s. 15).

2.6 Samandrag

Innovasjonstankegangen kan samanliknast med det Ridener meiner er naudsynt for paradigmeskifte innan arkiv «[..] how the work of a small group of people can benefit a larger, geographically dispersed group of fellow professionals» (Ridener, 2009, s. 8–9). Innovasjon er naudsynt for at arkivinstitusjonane skal kunne utvikle seg i takt med utviklinga om meir demokratiske og tilgjengelege arkiv. Arkivutviklingsmidla er eit høve til å hjelpe arkivinstitusjonar med dette. Etter åtte år med arkivutviklingsmiddel ser det likevel ut som om Arkivverket ikkje har greidd å initiere innovasjon i arkivinstitusjonane gjennom desse midla. Deira eigen rapport for vidare arbeid med midla prøver å løyse dette med mellom anna nye innsatsområde for arkivutviklingsmidla.

3 Metode

3.1 Avgrensing av oppgåva

I den kvantitative analysen har eg nytta utlagde søkjarlister, lister over tildelingar og sluttrapportar for perioden 2015–2020. Årsaka til at eg ikkje tar med perioden 2021–2022 her er at sluttrapportane for desse åra i stor grad ikkje er ferdigstilte enno og sluttrapportane for tildelingane i 2021 ikkje er venta inn før ut over våren 2023.

Vidare har eg undersøkt eitt av desse åra kvalitatativt for å ha eit overkommeleg utval søknader å rapportar å gå gjennom. Valet fall på 2019 då dette er eit år der utviklingsmidla har fått tid til å bli innarbeidd samstundes som det òg skulle ha vore tid til å endra innsatsområda om Arkivverket kjende det gjekk i «feil retning». Det er òg eit år der mottakarane bør ha hatt tid til å lever sluttrapport uavhengig av korona.

I analysen av søknader og sluttrapportar har eg bruka «Nytt, nyttig, nyttiggjort» frå Prop. 146 S då denne er lett overførbar til arkivsektoren. Dette omgrepet ligg tett opp til dei to måla for utviklingsmidla i 2019: 1. Koma mange til gode og fremje samarbeid og heilskap og 2. Vera nytenkjande og/eller tar i bruk ny teknologi. Søknader som har sett seg føre å gjennomføre begge desse punkta vil kunne seiast å ha som mål å gjennomføre innovasjon.

I analysen av sluttrapportane har eg ikkje gått gjennom om dei fyller alle krav til innhald, men konsentrera meg om utgreiing for mål og gjennomføring og samanfatting av resultat og vinstar. Eit punkt som kunne ha vore interessant å sett nærmare på er om dei har inkludera «Evt. erfaringer fra gjennomføringen av prosjekt som kan være til læring og hjelp for andre som står ovenfor liknende oppgaver (eks. utfordringer, problemstillinger) (Arkivverket, 2022d).

Eg har heller ikkje undersøkt om dei som har motteke tilskot har stilt opp på evt. kurs/seminar/workshops arrangera av Arkivverket for å formidle erfaringar frå prosjektet.

3.2 Kvantitative metode

For å samle inn data om mengda søknader og tildelingar har eg strukturera informasjon frå nedlasta pdf-dokument frå nettsida til Arkivverket. Desse dokumenta har eg samla i Excel-dokument for vidare handsaming til mellom anna tabellar. Alle tabellar og grafar er mine eigne.

3.3 Kvalitativ metode

Den kvalitative metoden eg har nytta er i hovudsak dokumentanalyse. Ei stor kjelde til informasjon har vore dei ulike nettsidene til Arkivverket som omhandlar ulike sider ved Arkivutviklingsmidla og Digitalarkivet. Eg har òg undersøkt ulike Stortingsmeldingar og tildelingsbrev for å kartleggje overordna mål og kriterium for utviklingsmidla. Til den kvalitative analysen av søknadene frå 2019 har eg gått gjennom dei 75 søknadene eg har fått tilsendt frå Arkivverket. Når Arkivverket skriv at du kan finne informasjon om tidlegare søknader og tildelingar på sine nettsider er det altså ikkje sjølvé søknadene som ligg her, men berre namn på søker/søknadstittel/søknadssum og tilsvarende for tildelingar (Arkivverket, 2020a). Dei utvalde søknadene og sluttrapportane er analysera for å kunne avgjera om prosjektmåla for søkerane har blitt oppnådd. Dei sluttrapportane som finst har eg henta frå nettsida Prosjektrapporter/sluttrapporter (www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsmidler-for-arkivsektoren/prosjektrapporter-sluttrapporter). Her har eg òg bruka negative funn som metode for å finne ut kva for prosjekt som ikkje har levera sluttrapport.

For nokre få oppfylgingsspørsmål har eg hatt e-postutveksling med min kontakt i Arkivverket Seniorrådgiver Sissel Eltvik Wang i Seksjon for Planlegging og arkitektur, Avdeling Innovasjon.

3.4 Korleis skal resultata målast?

For å kunne måle resultat av prosjekt-/sluttrapportar vil eg ta i bruk «trafikkljosmodellen» Sopra Steria nytta i rapporten Evaluering av SAMDOK (Sopra Steria AS, 2018, s. 27). Den går ut på at det blir gjort ei skjønsmessig vurdering av prosjekt-/sluttrapportar og desse blir vurdera som høvesvis grøn, gul eller raud i samsvar med mål for prosjektet. Kriteria for dei ulike vurderingane vil vera:

Grøn: Tilnærma komplett eller fullstendig måloppnåing i høve til målet som var sett for prosjektet

Gult: Delvis måloppnåing er oppnådd i høve til målet som var sett for prosjektet

Raudt: Låg eller ingen måloppnåing nådd i høve til målet som var sett for prosjektet

3.5 Manglande sluttrapport

Om sluttrapporten ikkje ligg ute på nettsida prosjektrapporter/sluttrapporter vil dette i utgangspunktet kvalifiser til *raudt* nivå på vurderinga då dette er eit av vilkåra for tilsegn av arkivmidlane i samsvar med kapittel 4.5.

Eg har ikkje undersøkt kva for årsaker som kan ligge til grunn for at rapportane ikkje er levert og antar at prosjekt som ligg under raud kategori kan ha gjennomført vellukka prosjekt. Eg meiner likevel at sidan deling av erfaringar frå prosjekta er ein stor del av kriteria for å bli tildela utviklingsmiddel kan det forsvarast å vera streng på dette punktet. Eg har ikkje sett på om rapporten er levera for seint i høve til kravet om levering seinast 3 månader etter avslutta prosjekt.

3.6 Omfanget av oppgåva

Det var viktig for meg å gå gjennom alle søknadene frå 2019 med dei aktuelle søknadspunkta grundig då eg allereie hadde avgrensa søknadsmengen til berre dette året. For å kunne analysere desse var det naudsynt å ha med den nøyaktige ordlyden i søknadene under kvar av dei to aktivitetane frå innsatsområdet for deretter å samanlikne med sluttrapporten. Dette har førd til at resultatdelen er omfattande og at oppgåva går noko over grensa for sidetal.

4 Resultat

4.1 Søknader 2015–2020

I perioden 2015–2020 kom det inn 484 søknader om arkivutviklingsmiddel. Arkivverket dela ut midlar til 208 av desse prosjekta til ein sum rett over 52,9 millionar (Arkivverket, 2020a).

4.2 Bakgrunn for tildelingane

Det er Riksarkivaren/Arkivverket som har ansvaret for tildelingane av midlane til arkivutvikling kvart år. Arkivverket får kvart år eit tildelingsbrev frå KUD (Kultur- og likestillingsdepartementet) der dei vert tildela tilskot til prosjekt- og utviklingstiltak på arkivfeltet der dei får oppdrag å forvalte midlane. I Arkivverket er det avdelinga for planlegging og arkitektur som ligg under området innovasjon som har ansvaret for å gå gjennom søknadene (Wang, 2023).

4.3 Statsbudsjettet 2015 – tildelingsbrev

Prosjekt- og utviklingsmiddel til museums- og arkivsektoren vart tidlegare løyvd frå kap. 320 post 77 i statsbudsjettet. I eit tildelingsbrev til Arkivverket datert 29.01.2015 pkt.3.8 kjem det fram at Arkivverket frå 2015 skal forvalte Prosjekt- og utviklingsmiddel til museum- og arkivsektoren finansiera frå spilloverskotet til Norsk Tipping. Desse midlane skal vera knytt til program med *klare mål og vera søkbare*. (Myhren og Danielsen, 2015, mi kursivering).

4.4 Måla for utviklingsmidla

Om vi ser innsatsområda frå tre ulike år 2017, 2019 og 2022 har det vore litt ulikt fokus: I 2017 dela dei innsatsområda i tre: Kommunale arkiv, Privatarkiv og Digital forvaltning. I 2019 dela dei innsatsområda i to: Privatarkiv og Dokumentasjonsforvaltning og arkiv i offentlege verksmeder. I tillegg i 2019 fanst det mål om at prosjekta skulle tildelast aktivitetar som:

- 1) er knytt til digitalt materiale og/eller til digital tilgjengeleggjering
- 2) tilrettelegg for meir effektiv formidling og forskning
- 3) **kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap** (mi utheving)
- 4) **er nytenkande og/eller tek i bruk ny teknologi** (mi utheving)

I 2022 har dei endra namnet på måla frå innsatsområde til programområde og skriv vidare at programområdet for søknadsmidla skal fordelast på: Vidareutvikling av privatarkivfeltet (VPF) og Innovasjon i offentleg forvaltning (IOF). Programområda for støtte var i 2022 dei same som i 2021 og kriteria som har vore førande for kven som har fått støtte er dei same som i 2019 (Arkivverket, 2020a; 2022b).

4.5 Tilgang gjennom sluttrapportar

Det er ein føresetnad for å kunne ta i mot arkivutviklingsmiddel at ein leverer sluttrapport. Om ikkje tilskotet er nytta i samsvar med formålet kan heile eller delar av tilskotet krevjast betala attende. Kunnskapen og vinstane av prosjektet skal stillast til råderett for alle og Arkivverket

vil publisere sluttrapportane på sine heimesider. I fylgje Arkivverket skal rapporten mellom anna innehalde ei samanfattning av resultat og vinstar og røynsler frå gjennomføringa som kan vera til hjelp og læring for andre som står ovanfor liknande oppgåver. Under punktet «Felles betingelser gitt i tilsagnsbrev» er det utdjupa at mottakaren av tilskot skal sende sluttrapport og prosjektregnskap *seinast tre månader* etter at prosjektet er avslutta. Det er i tillegg sett opp eit punkt om at dei som mottek tilskot skal stille opp på evt. kurs/seminar/workshops arrangerat av Arkivverket for å formidle erfaringar frå prosjektet (Arkivverket, 2022d).

4.6 Statsbudsjettet 2019 – tildelingsbrev

I tildelingsbrevet til Arkivverket i 2019 under pkt. 3.4 *Forvaltning av spillmidler til prosjekter og utviklingstiltak på arkivfeltet* viser departementet til dei oppgåver som Arkivverket har ved forvaltning av spillmidla. Departementet viser til overordna mål, strategiske utfordringar og satsingsområde for 2019 i Prop. 1 S (2018–2019) side 99 og 100. Desse føringane skal Arkivverket sjå verksemda si i samanheng med. Departementet definerer Arkivverket sine hovudoppgåver til å vera: å samle inn, bevare, dokumentere og formidle kulturarv (Regjeringen Solberg, 2018, s. 99; Lien og Nordtug, 2019, s. 2). Av rett i overkant av 812 millionar sett av til kulturformål i 2018(2019) gjekk nær 12 millionar til *Prosjekt- og utviklingsmidler på arkivfeltet*. Vidare står det at tilskota skal gå til:

[..] enkeltprosjekter, til landsomfattende eller regionale samarbeidstiltak og til utvikling av fellesløsninger. Minst 8 mill. kroner skal brukes til planmessig arbeid med å sikre at privatarkiver fra viktige samfunnssektorer og alle landets regioner blir bevart; og til bevaring, formidling og digitalisering av prioriterte privatarkiver. Alle institusjoner som bevarer og/eller formidler privatarkiver kan søke om tilskudd. (Regjeringen Solberg, 2018, s. 141).

Tildelingsbrevet nemner ikkje at utviklingsmidla skal gå til innovasjon på arkivfeltet, men seier at Arkivverket skal iverksetje overordna nasjonal politikk på arkivfeltet og «[..] bidra til utvikling og styrking av arkivsektoren» (Lien og Nordtug, 2019, s. 2).

4.7 Søknader 2019

I 2019 kom det inn 75 søknader med ein total søknadssum på 30,7 millionar kroner. Leiarmøtet til Arkivverket vedtok 4. desember 2019 å fordele 9 millionar til ulike tiltak for privatarkiv og litt under 3 millionar fordela på sju tiltak for offentlege arkiv. Av heile søknadsmassen var det

39 prosjektsøknader som kryssa av i søknadsskjemaet at dei *både* ville koma mange til gode og fremje samarbeid og heilskap *og* vera nytenkande og/eller ta i bruk ny teknologi. Av desse 39 var det 15 prosjekt som fekk tildela midlar, 11 privatarkiv og 4 offentlege arkiv (Arkivinstitusjon, 2019; Arkivverket, 2020a).

4.8 Kva ynskjer søkerane å oppnå?

Under har eg presentert nokre av intensjonane *søkerane* trekkjer fram som særleg viktige i sine prosjekt under punkta *koma mange til gode og fremje samarbeid og heilskap og vera nytenkande og/eller tar i bruk ny teknologi*. Her har eg tatt med døme frå både søkerar som har fått og ikkje fått tilskot. Desse punkta viser ikkje uventa eit stort spenn i kva søkerane ser på som «mange» og kva som fremjar samarbeid og heilskap. Søknadene viser òg stor variasjon i om dei tenkjer at sjølve arkiva kjem mange til gode eller om teknologien kjem mange til gode. Andre igjen ser på sjølve samarbeidet og heilskapen som det viktigaste (Arkivinstitusjon, 2019).

4.8.1 Arkiva skal koma mange til gode

Der det er fokus på at sjølve arkiva skal koma mange til gode er det først og fremst *tilgangen* til arkiva som blir lyft fram som verdifullt. Her blir det nemnt forskrarar, historikrar, nynorsk-brukarar på alle flater, breiare publikum, informantane familie, lokalbefolkinga elles, alle som elskar gamle kart, arkivmiljøet, allmenta, historielag, slektsforskrarar, kunststudentar, innbyggjarar regionalt, publikum nasjonalt, eller som Danseinformasjonen grunngjev sitt prosjekt «Ordne, registrere, digitalisere og tilgjengeliggjøre Dansearkivet» med «[...] å gi *alle* tilgang til fortiden.» (Arkivinstitusjon, 2019, mi kursivering).

4.8.2 Teknologien skal koma mange til gode

Andre legg vekt på at *teknologien* skal koma mange til gode og då vert det mellom andre nemnt den offentlege arkivsektoren, heile ABM-sektoren, alle sakshandsamarar, andre relevante verksamder, deltakarar på medlemsmøte, alle som vil samarbeide, andre arkivinstitusjonar, heile det norske arkivfeltet, helseforvaltninga, offentlege etatar, alle digitale privatarkiv, andre arkivfelt og andre kommunar. Programvareselskapet Jotne EPM Technology har eit prosjekt dei ambiisiøst nok meiner skal «komme *alle eiere av byggverk* til gode.» (Arkivinstitusjon, 2019, mi kursivering).


4.8.3 Vil fremje samarbeid og heilskap

Nokre søkjarar trekkjer fram samarbeid og heilskap i sine søknader der til dømes samarbeid og heilskapstenking mot barn og unge, museum og undervisningsinstitusjonar, fartøyvernsenter og Riksantikvaren er målgrupper. Andre nemner innsamling og samhandling gjennom felles nettverk, fagleg samhald, fagleg utvikling, samarbeid med andre arkiv slik som andre sektorarkiv (prosjekt «Etablering av næringslivsarkiv») eller Forsvarets helseregister som vil samarbeide med Riksarkivet i Danmark som har eit tilsvarande prosjekt med digitalisering av sine Forsvarsarkiv med tilsvarande data (Arkivverket, 2019).

4.9 Måloppnåing for søkerar med mottekte midlar 2019

Som tidlegare nemnt har eg bruka trafikkljosmodellen for å måle om dei ulike prosjekta har nådd måla sine. Dei 15 prosjekta som fekk tildela midlar fordeler seg slik:

Graf 4.9.1.



Fordeling av måloppnåing i 2019 etter trafikkljosmodellen

For å undersøke om prosjekta har nådd måla dei sette seg i forkant har eg sett på ordlyden i søknadene for punkta 1. Kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap og 2. Er nytenkjande og/eller tek i bruk ny teknologi, for deretter å samanlikne med sluttrapporten kva dei har gjennomført og til slutt gje ein kortfatta vurdering der eg grunngjev om eg meiner dei har nådd måla dei sette seg. For dei prosjekta med grøn måloppnåing, altså dei som eg har vurdera til å ha oppnådd *sine eigne* mål for prosjektet, vil eg også vurdere om dei har oppnådd innovasjon i tydinga nytt, nyttig og nyttiggjort. Dette vil altså seie at det skal vera noko nytt for arkivinstutusjonen, det skal vera nyttig og den nye ideen, tenesta eller produktet skal vera realisera eller tatt i tatt i bruk for at det skal kunne kallast innovasjon (Regjeringen Stoltenberg II, 2014).

4.9.1 Raudt nivå for måloppnåing 2019

Det er til saman 8 prosjekt eg har plassera på raudt nivå for manglande måloppnåing av dei prosjekta som fekk utviklingsmiddel i 2019. Dette på grunn av manglande sluttrapport.

Prosjekta med vurdering raudt i måloppnåing er:

Tabell 4.9.1.1 Raudt nivå for måloppnåing 2019

Namn på arkiv	Namn på prosjekt	Tildelingssum kr.
Oslo byarkiv	Bevarings- og utviklingsplan for privatarkiv i Oslo	400 000
Hordaland fylkesarkiv	Bevaringsplan for privatarkiv	280 000
Bergen kommune, Bergen byarkiv	Digital fornyelse for brukerorienterte tjenester i Bergen byarkiv	500 000
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	Fra grasrota til Stortinget - å dokumentere politiske partier i en digital tid	1 040 000
Privatperson (Direktorat for strålevern og atomsikkerhet)	Integrasjon mellom et webskjema og en NOARK-løsning ved hjelp av RPA-teknologi (Robotic Process Automation)	590 000
Universitetsbiblioteket, UiT Norges arktiske universitet	Knut Lunde-prosjektet	400 000
Jotne EPM Technology	Langtidarkivering av objektbaserte informasjonsmodeller	500 000
Vestfoldarkivet	Norsk bergindustriarkiv	(sjå under)

Likevel finst det eit etterhald med Vestfoldarkivet som fekk ei tildeling i 2018 til eit toårig prosjekt «Norsk Bergindustriarkiv» og nye tildelingar i 2019 under namnet «Norsk Bergverksarkiv». I 2020 får dei på nytt 325 000 og oppgjev då at dette er siste året av eit treårig prosjekt. Dei har likevel fått nye midlar på 350 000 i 2021. Det er uvisst ut frå dei opplysingane eg har om dette prosjektet framleis er under utvikling eller om det er avslutta. Det er uansett ikkje per 13.04.2023 levera sluttrapport og får difor raudt på måloppnåing sjølv om prosjektet går vidare frå tildelingane i 2019.

Tabell 4.9.1.2 Tildelingssummar totalt til Norsk bergindustriarkiv 2018–2021

År			Tildelingssum kr.
2018	Vestfoldarkivet	Norsk bergindustriarkiv	400 000
2019	Vestfoldarkivet	Norsk Bergverksarkiv	400 000
2020	Vestfoldarkivet	Norsk bergindustriarkiv	325 000
2021	Vestfoldarkivet	Norsk bergindustriarkiv	350 000

4.9.2 Gult nivå for måloppnåing 2019

Det er 4 privatarkiv som eg har sett til gult nivå for måloppnåing. Det kan vera at dei sjølve seier dei ikkje har oppnådd alle måla dei hadde sett seg eller at eg ikkje finn igjen intensjonane dei la fram i søknaden i sluttrapporten. Desse prosjekta er:

Tabell 4.9.2.1 Gult nivå for måloppnåing 2019

Namn på arkiv	Namn på prosjekt	Tildelingssum kr.
MiA-Museene i Akershus	Fra mekaniske verksteder til kjøpesenter og boliger – arkiv kan fortelle historien	390 000
Danseinformasjonen	Ordne, registrere, digitalisere og tilgjengeliggjøre Dansearkivet	200 000
Grinimuseet, Museene i Akershus	Stemmer fra Grini fangeleir på papir	300 000
Trondheim byarkiv	«Hainnhoinn i bajnn» Otto Nielsens privatarkiv	140 000

4.9.2.1 MiA-Museene i Akershus

Tabell 4.9.2.1.1 MiA.Museene i Akershus

1. Kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap:
Dette prosjektet kan lede til samarbeid med Norsk Teknisk museum på sikt da de har andre deler av arkivet. Videre fremmer dette prosjektet helhet av historien om mekanisk verksted siden deler av arkivet allerede er ordnet, men på NTM (Norsk Teknisk Museum red.). Videre vil prosjektet komme mange til gode da det forteller historisk informasjon som er i ferd med å gå tapt.
2. Er nytenkjande og/eller tek i bruk ny teknologi:
Prosjektet skal teste ut MiAs nye digitaliseringslab og har som mål å publisere arkivet på Arkivportalen, men også på Digitalarkivet. Dette er nytt for MiA å teste ut.

(Arkivinstitusjon, 2019)

1. I fylgje sluttrapporten har MiA-Musea ordna, katalogisera og tilgjengeleggjort sin del av arkiva, men NTM var ikkje interessera i noko samarbeid med å samle arkiva.

2. Sjølv om arkiva det har vore snakk om vart katalogisert i Asta, pakket i syrefritt materiell og 1 magasin samt tilgjengeleggjort på Arkivportalen.no har dei ikkje publisera på Digitalarkivet som avtala. I sluttrapporten vert dette forklara med at arkiva var så omfattande at dei vanskeleg lot seg digitalisere i MiAs digitaliseringslab. MiA ynskjer difor å inngå eit pilotprosjekt med Nasjonalbiblioteket med tanke på denne digitaliseringa i staden for. MiA er nøgde med å ha auka sin eigen kompetanse på privatarkiv mellom anna ved å ha fått meir erfaring med masse-registrering av arkiv i Asta ved bruk av Excelskjema (Arkivinstitusjon, 2019; Arkivverket, 2022c).

Mi vurdering: Kjem ikkje så mange til gode (manglar publisering på Digitalarkivet) fremjar ikkje samarbeid og heilskap sidan samarbeid ikkje blei noko av. Minimalt nytenkjande med liten eller ingen bruk av ny teknologi. Mi vurdering på dette prosjektet er på grensa til raudt, då det er ein stor del manglar for fullstendig måloppnåing.

4.9.2.2 Danseinformasjonen

Tabell 4.9.2.2.1 Søknad Danseinformasjonen

1. Kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap:

Med et operativt og funksjonelt Dansearkiv vil tilgangen og formidlingen av norsk dansehistorie bli bedre, og dansekunstens utvikling vil forhåpentligvis bli inkludert i formidlingen av generell norsk kunsthistorie. Således er dette prosjektet både et opplysningsprosjekt, et bevaringsprosjekt og et demokratiseringsprosjekt ved å gi alle tilgang til fortiden. [...]

Danseinformasjonen driver allerede utstrakt formidling av dansehistorien, og vil fortsette arbeidet med å dokumentere dansehistorien i Norge etter 2020. Dette toårige prosjektet skal imidlertid føre til et arkiv som er ordnet, katalogisert og digitalisert, og så kan flere privatarkiv komme til og ytterligere komplettere Dansearkivet i fremtiden. Da står Danseinformasjonen også bedre rustet til å ordne, katalogisere og digitalisere.

2. Er nytenkjande og/eller tek i bruk ny teknologi:

Danseinformasjonen er i gang med et prøveprosjekt med Fotoweb, hvor vi har fått egen tilgang med passord og brukernavn, for å kunne legge inn bilder og metadata. Vi har hatt tett samarbeid med fotoarkivar Anette Alsvik. Så vidt vi har skjønt er vi første institusjon som har gjort dette, noe som også fører til nyttig informasjon for Arkivverket. Vi bruker for eksempel en excel-mal fra Fotoweb/Alsvik i registreringen av metadata og har hatt møter, med både representanter fra Arkivverket og ASTA, hvor vi diskuterte import av disse skje-maene i ASTA, for deretter å eksportere med URN og arkivkode slik at listen kan importeres i Fotoweb for kobling av digitalisert materiale og katalogen. Dette er så vidt vi vet ikke blitt gjort tidligere, og er derfor nytenkende ved bruk av eksisterende teknologi.

Vi er også i dialog med seniorrådgiver Torkel Rønold Bråthen ved Arkivverket om et mulig pilotprosjekt i forbindelse med videreutviklingen av Digitalarkivet. Han anser Dansearkivet som en svært spennende samling, som kan egne seg som et prøveprosjekt nettopp fordi samlingen består av mange fine fotografier og filmer.

(Arkivinstitusjon, 2019)

1. Dansearkivet er i gang med å ordne, registrere og digitalisere noverande materiale i Dansearkivet og ein stor del av dette er registrert. Digitaliseringa av audiovisuelt materiale, ljospile og negativ er sendt til Nasjonalbiblioteket for digitalisering då Dansearkivet ikkje har utstyr til å gjera dette sjølv. Dette var forventa ferdig fyrste halvdel av 2022. Danseinformasjonen har gjennom prosjektperioden gjort fleire grep for å formidle Dansearkivet. Dei har mellom anna halde 24 dansehistoriske foredrag for studentar, elevar og andre interesserte, samarbeida med Dansens Hus og laga miniserie på 10 episodar i sosiale medium kalla Dansehistorisk fredag og ut frå dette starta arbeidet med ein større dokumentarserie. Danseinformasjonen har også ferdigstilt nye nettsider der Dansearkivet har fått ein sentral plass. Dansearkivet er også dialog med Riksarkivet om moglegheiter for lettare å hente inn samtykke av klausulert materiale slik at dette kan publiserast direkte i Digitalarkivet.

2. Det vart ikkje noko av den delen av prosjektet der Danseinformasjonen skulle leggje inn eigne bilete og metadata i FotoWeb. I staden vart det oppretta ei avtale om at Dansearkivet skal vera ein del av utvalde pilot-brukarar av det nye Digitalarkivet. Dansearkivet venta på

tidspunktet for skrivinga av sluttrapporten (28. juni 2021) på klarsignal frå Arkivverket for å overføre Asta-katalogane til Digitalarkivet, då det på dåverande tidspunkt ikkje var mogleg å laste opp foto og audiovisuelt materiale i portalen. Per 15.04.2023 ligg det framleis ikkje materiale frå Dansearkivet på Digitalarkivet (Arkivinstitusjon, 2019; Arkivverket, 2022c).

Mi vurdering: Dansearkivet har i stor grad lukkas med å gjera *arkivet* tilgjengeleg slik at det kjem mange til gode i tråd med intensjonane i søknaden. Dei har til ein viss grad fremja samarbeid gjennom samarbeid med Dansens Hus, Riksarkivet og Arkivverket. Prosjektet har førelig ikkje vore nyskapande eller teke i bruk ny teknologi, men har intensjonar om dette gjennom pilotprosjektet med Arkivverket.

4.9.2.3 *Grnimuseet, Museene i Akershus*

Tabell 4.9.2.3.1 Søknad Grnimuseene i Akershus

1. Kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap:

Interessen for andre verdenskrig er fortsatt stor i dag, både i befolkningen generelt og blant forskere. Resultatene fra dette prosjektet vil derfor komme mange til gode og legge til rette for økt samarbeid på temaet. Ett eksempel på dette er prosjektet «Norsk digitalt fangearkiv», i regi av Arkivet freds- og menneskerettighetscenter og Falstadsenteret, som skal publiseres i 2020. Både Grnimuseet og Arkivverket er samarbeidspartnere til prosjektet, og jobber begge for å gjøre viktig arkivmateriale knyttet til fangehistorier fra andre verdenskrig tilgjengelig for allmenheten

2. Er nytenkjande og/eller tek i bruk ny teknologi:

Grnimuseet, Museene i Akershus har en ambisjon om å ta i bruk ny teknologi i prosjektet gjennom dialog med Nasjonalbiblioteket og Arkivverket til blant annet digital transkribering.

(Arkivinstitusjon, 2019)

1. Grnimuseet har etter store forseinkingar (sluttrapporten vart levera 21.06.2022) fått utført det overordna målet med prosjektet som var å ordne, katalogisere, konservere, digitalisere og tilgjengeleggjera dokument frå Grini fangeleir. Per 15.04.2023 får ein 853 treff på Grnimuseet på DigitaltMuseum , 853 gjenstandar og ein bygning (Digitalt Museum). Dei fleste gjenstandane her ser ut som om dei er lagt inn i 2018 før prosjektperioden. Dokumenta på Arkivportalen er i hovudsak klausulera på grunn av personsensitive opplysingar i til dømes brev og dagbøker. Berre 50 foto knytt til arkivdokumenta er registrera og digitalisera i samband med prosjektet. Resten er skild ut og skal registrerast som eit eige delprosjekt på eit seinare tidspunkt. På fanger.no kan no du søkje etter namn på fangar og fangestadar, enten direkte frå forsida eller frå eigne søkjesider (Norsk digitalt fangearkiv 1940–1945).

2. Det er usikkert om delar av prosjektet har vore nytenkjande og/eller har tatt i bruk ny teknologi. Dette er i så fall ikkje dela i sluttrapporten. Grnimuseet opplyser om at dei har transkribert

totalt 164 brev og 37 dagbøker/dagboksnotat. Det kjem ikkje fram om det har vorte bruka digital transkribering i prosjektet (Arkivinstitusjon, 2019; Arkivverket, 2022c)

Mi vurdering: Sjølv om det er viktig å ordne, katalogisere, konservere, digitalisere og tilgjengeliggjera dokument frå Grini fangeleir er dokumentasjonen framleis spreidd på Arkivportalen, Digitalt Museum og på fanger.no. Mykje av materialet er framleis klausulera og dermed ikkje tilgjengeleg, eller manglar utfyllande informasjon. Arkiva er gjort tilgjengeleg, men om det er for så mange er usikkert sidan dei einskilde informasjonskanalane kvar og ein inneheld sparsamt med data. Det er heller ikkje klårt om prosjektet har vore i særskilt grad nyskapande eller har teke i bruk ny teknologi sjølv om oppmodinga til å få hjelp av publikum er ein trend vi ser meir og meir av når det gjeld å engasjere og formidle arkiv.

4.9.2.4 Trondheim byarkiv

Tabell 4.9.2.4.1 Søknad Trondheim byarkiv

1. Kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap: Innbyggere regionalt og publikum nasjonalt får tilgang til materialet
2. Er nytenkjande og/eller tek i bruk ny teknologi: Nytenkende for oss i Trondheim kommune
(Arkivinstitusjon, 2019)

1. Trondheim byarkiv rapporterer at dei har oppnådd måla sine gjennom forvalting, digitalisering og formidling av privatarkivet etter Otto Nielsen. Kultureininga fekk tilgang til det digitale materialet for bruk i Den Kulturelle spaserstokken. Arkivkatalogen vart publisert i Arkivportalen våren 2021. Utvalde delar av materialet slik som tekstar, noter, revytekstar og bilete vart publisera i Digitalarkivet.no i starten av juni 2021 (Arkivinstitusjon, 2019; Arkivverket, 2022c).
2. Det er usikkert kva dei har gjort som er nytenkande. I utgangspunktet hadde dei tenkt at arkivet skulle bli digitalisera og presentera på eiga nettside der Byarkivet skissera ei løysing der arkivet etter Otto Nielsen skulle stå fram som eit «signalarkiv i en serie av arkiv kalla Trondheims-arven». Etter presentasjon av Arkivverket si løysing Digitalarkivet ynskte Trondheim byarkiv heller å publisere delar av materialet der. Dei meiner likevel dei har fått viktig læring av prosjektet som vil gje dei nytte i framtidige prosjekt (Arkivinstitusjon, 2019; Arkivverket, 2022c).

Mi vurdering: Trondheim byarkiv har oppnådd å forvalte og digitalisere privatarkivet etter Otto Nielsen, men i liten grad gjort det tilgjengeleg og formidla ut over det å publisere kvar du kan finne det fysiske arkivet i Arkivportalen og leggje ut delar av arkivet (ikkje søkbart) på Digitalarkivet.

4.9.3 Grønt nivå for måloppnåing 2019

3 av 15 prosjekt i min kategori har eg gjeve grønt nivå for måloppnåing noko som tilseier at dei har tilnærma komplett eller fullstendig måloppnåing i høve til målet som var sett for prosjektet. Desse tre er:

Tabell 4.9.3.1 Gult nivå for måloppnåing 2019

Namn på arkiv	Namn på prosjekt	Tildelingssum kr.
Norsk senter for folkemusikk og folkedans	Arkivformidler Trøndelag	300 000
Kartverket	Geografisk inngang til historiske kart II	520 000
Aust-Agder museum og Arkiv IKS, avd. KUBEN	Portrett og identitet- Digitalisering og identifisering i portrettarkiver i Aust-Agder	300 000

4.9.3.1 Norsk senter for folkemusikk og folkedans

Tabell 4.9.3.1.1 Norsk senter for folkemusikk og folkedans

1. Kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap:
Hele Folkemusikkmiljøet i Trøndelag står bak denne søknaden, og arkivformidlerstillingen vil også fremme samarbeid og helhetstenkning mot barn og unge, museum og undervisningsinstitusjoner.
2. Er nytenkjande og/eller tek i bruk ny teknologi:
Ja. Formidlingsbiten i prosjektet er ambisiøs i måten en vil engasjere publikum med materialet.

(Arkivinstitusjon, 2019)

1. Norsk senter for folkemusikk har levera ein utfyllande sluttrapport som viser til mange vel-lukka delar av prosjektet. Sjølv om dei ikkje når ut til veldig mange har dei gjennom formidlinga si klart å fremje samarbeid mellom mange ulike musikk- og dansemiljø og funne ein felles arena for folk som vanlegvis ikkje ville ha funne kvarandre. Her trekker dei fram koronasituasjonen og den digitale formidlinga som positivt fordi dei på denne måten kunne nå ut til fleire og kunne gjera møteplassen meir nøytral. Dei har og skapt gode nettverk mellom dei aktørane som arbeider med arkivmateriale i Trøndelag.

2. Senteret har mellom anna gjennomført noko dei kallar «Arkivdansekonsert» som blei gjort etter prinsipp frå UNESCO-konvensjonen der representantar frå det lokale tradisjonsmiljøet var med og utarbeidde det kulturarvfaglege biletet av dansen og musikken. Under dette

arrangementet skapte dei ein heilskapleg oppleving ved å bruke arkivfilm og lydopptak, levande musikk og dans, samtale og deltaking frå publikum (Arkivinstitusjon, 2019; Arkivverket, 2022c).

Nytt, nyttig, nyttiggjort: I tillegg til å ha gjennomført sine eigne mål for prosjektet har dei òg til ein viss grad gjennomført eit innovasjonsprosjekt ut frå kriteria nytt, nyttig, nyttiggjort. Dei har skaffa seg ny relevant erfaring korleis ein kan knytte seg til relevante brukargrupper. Dei har òg fått nyttig erfaring i korleis arkivformidling kan nytte digitale plattformer for å treffe eit breiare miljø med arkivmaterialet. Arkivformidler Trøndelag har gjennomført eit prosjekt der erfaring frå arbeidet med utviklingstiltaket og gjennomføringa av prosjektet kan vera til lærings- og hjelp for andre som står over for liknande oppgåver. Erfaringane har dei nyttiggjort gjennom mellom anna dokumentasjon av arkivdykk, kurs og konsertar.

4.9.3.2 Kartverket

Tabell 4.9.3.2.1 Kartverket

1. Kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap:
Alle som elsker gamle kart vil kunne dra nytte av dette, og vil kunne bedre tilgang til ulike kilder og sammensetting av disse.
2. Er nytenkande og/eller tek i bruk ny teknologi:
Prosjektet er nytenkende i den forstand at det vil kunne virkeligjøre ønske om en historisk kartportal med en lav terskel for framfinning.

(Arkivinstitusjon, 2019)

1. Karta dei ynskte å gje betre tilgang til fanst på nettsida oldmapsonline.org, men dei ynskte å oppbevare, vise og tilby dei gamle georefererte karta på ein nasjonal plattform. Kartverket ynskjer òg at API-et til tenesta er ope slik at andre kan lage spørjingar mot dette og vise dei historiske karta i eigne løysingar. Dei har lansera ei løysing som kjem mange til gode både som ferdig resultat og som teknisk løysing. Dei har også fremja samarbeid og heilskap innad i Kartverket gjennom å sjølv utvikle systemet og bruke menneskelege ressursar dei allereie har.
2. Kartverket hadde ikkje ei tilfredsstillande løysing for enkel tilgang til historiske kart, difor ynskte dei å utvikle ny teknologi for dette. Løysinga skulle koma som eit tillegg til eksisterande innsyns- og nedlastingsløysingar. Prosjektet er nå sett i produksjon med funksjonalitet tett opp

mot måla for prosjektet. Sjølv om dei kallar det eit Minimum Viable product³ (MVP) og ytrar ynske om ytterlegare forbeteringar (Arkivinstitusjon, 2019; Arkivverket, 2022c).

Nytt, nyttig, nyttiggjort: Sluttrapporten er basera på begge trinn av prosjektet *Geografisk inn-gang til historiske kart*. Del 1 hadde som mål å georeferere digitaliserte kart. Her brukte dei hjelpe fra publikum. Prosjektet skapte stort engasjement på sosiale medium og fekk omtale i Aftenposten og NRK. Del 2 vart bruk til å utvikle ei ny løysing for å finne og vise dei historiske karta basera på kartsøk med filtreringsmoglegheiter. Det særeigna nye er at kartløysinga både er geolokalisering og lokalisering i tid. Dei har også hatt stor brukarinvolvering i arbeidet. Kartverket har hatt ein klar prosjektplan, gjennomgått ROS-analyse, skildra kravspesifikasjonar og utvikla brukartestar. Dei har i det heile gjennomført eit prosjekt etter planen med godt resultat til nytte for seg sjølv og andre. Nytt, nyttig og nyttiggjort så fremt det nå er eit verktøy som blir bruka.

4.9.3.3 Aust-Agder museum og Arkiv IKS, avd. KUBEN

Tabell 4.9.3.3.1 Aust-Agder museum og Arkiv IKS, avd. KUBEN

1. Kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap:

Samlingen med tilhørende metadatasett skal publiseres på www.agderbilder.no både i høyoppløselig filer og som mindre filer for nettbruk. Basen Agderbilder er AAAs primære publiseringssplattform for kulturhistoriske foto. Vi ønsker også å publiseres materialet på Digitalarkivet der portrettene kan komme til nytte for bredere publikum.

I all hovedsak er bildene i Portrettsamlingen opphavsrettsmessig «falt i det fri». Det betyr at både de digitaliserte bildene og tilhørende datasett vil bli publisert med en åpen Creative Commons-lisens som gjør det mulig for andre parter å fritt gjenbruke innholdet til sitt bruk.

2. Er nytenkjande og/eller tek i bruk ny teknologi:

Prosjektet vil ha overføringsverdi i arkivsektoren. I Norge har arkivinstitusjonene i mindre grad enn i våre naboland samarbeidet med frivillige om viktige oppgaver på en målretta og systematisk måte. AAAs målsetting i større grad å trekke veksler kompetanse og ressurser som frivillige representerer. Vi håper og tror at vi gjennom dette prosjektet kan skaffe oss og andre nytte erfaringer på området.

(Arkivinstitusjon, 2019)

1. Samarbeidet Aust-Agder museum og Arkiv IKS, avd. KUBEN har etter planen digitalisera og identifisera ei stor mengd portrettfotografi og gjort desse tilgjengelege for allmenta og slektsforskarar. På tidspunktet for skrivinga av sluttrapporten var det digitalisera 14 912 filer (7546 fotografi med for og bakside) og 2 500 av desse var publisera på Agderbilder. I dag (per. 16.04.2023) ligg det 8 399 objekt i portrettsamlinga (Aust Agder museum og arkiv). Ved stikkprøver ved søk på namn fra portrettsamlinga i Digitalarkivet finn eg ikkje treff og går difor ut i frå at materialet ikkje er publisera på Digitalarkivet.

³ Enklaste brukbare produkt er innanfor produktutvikling det produktet som gir størst avkastning på investering sett i forhold til risikoen.

2. Prosjektet har fått til det ynskte samarbeidet med friviljuge gjennom organisasjonen Slekt og Data (tidlegare DIS). DIS Agder har jobba på friviljug basis med å hente inn metadata frå ulike basar. I oppstarten av prosjektet har prosjekteigar investera i nye løysingar for å fremje arbeidsdrift og arbeidsflyt og mellom anna utvikla ein eigen metadata editor i programvaren FotoStation i samarbeid med FotoStations IT support og Riksarkivet og utvikla eigen publiseringsslayout i Agderbasen. (Arkivinstitusjon, 2019; Arkivverket, 2022c)

Nytt, nyttig, nyttiggjort: Samarbeidet mellom dei to institusjonane har i stor grad oppfylt dei måla dei hadde for prosjektet og gjennomført ulike formar for samarbeid. Dei har òg oppfylt krava for nytt, nyttig, nyttiggjort. Dei har dei utvikla editoren, ny publiseringsslayout og knytt metadata til innhaldet med hjelp av publikum noko som er nytt for dei og difor kvalifiserer til innovativt i denne samanhengen. Prosjektet er nyttig fordi resultatet gjer innhaldet tilgjengeleg for fleire. Systemet kan òg vera nyttig for andre. Om det blir nyttiggjort står att å sjå om det blir bruka og om løysinga til Arkivverket etter kvar gjer det tilgjengeleg på Digitalarkivet. Sjølv om prosjektet kvalifiserer til innovasjon i denne samanhengen, kan det likevel ikkje seiast å vera snakk om innovasjon og særskilt utvikling av arkivbransjen på eit nasjonalt plan.


4.10 Sluttrapportar Perioden 2015–2020

Ved ein kikk på nettsida Prosjektrapporter / sluttrapporter (<https://www.arkivverket.no/arkiv-utvikling/utviklingsmidler-for-arkivsektoren/prosjektrapporter-sluttrapporter>) ser ein at i perioden 2015–2020 manglar det ein stor del sluttrapportar etter utdeling av arkivutviklingsmiddel. Eg har sett på korleis tala ser ut for dei ulike åra i perioden:

Tabell 4.10.1 Samla tal for tildelingar og sluttrapportar 2015–2020

År	Sum tildelingar	Sum ikkje rapportera for	Urapportera (%)	Antal tildelingar	Antal ikkje rapportera
2015	4 000 000	500 000	12,5	15	1
2016	6 000 000	236 0000	39,33	28	10
2017	9 970 000	4 333 500	43,5	45	20
2018	11 999 350	4 299 350	35,83	47	16
2019	11 965 000	6 795 000	56,9	33	17
2020	11 967 000	7 836 000	65,48	30	25

Graf 4.10.1



Antal tildelingar og urapporterade projekt 2015–2020


4.10.1 Fokusåret 2019

Av 33 prosjekt med mottekte 11 965 000 kroner i arkivmidlar i 2019 er det 17 som ikkje har levera sluttrapport til ein samla sum av 6 795 000 kroner. Dette inkluderer det treårige prosjektet *Fra grasrota til Stortinget - å dokumentere politiske partier i en digital tid* var eit treårig prosjekt med prosjektslutt i 2021. Dei skriv i sin søknad at ferdig prosjektrapport skal leverast 31.10.2022. Prosjektet *Langtidsarkivering av objektbaserte informasjonsmodeller* er registrera som eit fleirårig prosjekt med levering av sluttrapport inkludera finansiering av hovudprosjekt 30.09.2020. Fleirårige prosjekt må søkje på nytt for kvart år. Eit søk i søknader for 2020–2022 viser ingen treff på Jotne EPM Technology, så det ser ikkje ut som om dette prosjektet har gått vidare frå forprosjektet. I tillegg ligg det inne at Direktorat for strålevern og atomskikkerhet har fått tildela 590 000 kr for prosjektet «Integrasjon mellom et webskjema og en NOARK-løsning ved hjelp av RPA-teknologi (Robotic Process Automation)». Dette prosjektet står ikkje oppført på lista over sluttrapportar (der levera rapportar er klikkbare) og eg går då ut i frå at desse ikkje har levert. Det vil seie at 56,9 prosent, godt over halvparten av prosjekta for 2019, ikkje er levera sluttrapport for per. 09.04.2023.

4.10.2 Oppsummert

Samla sett er det dela ut 55 901 350 kroner i utviklingsmiddel til ulike prosjekt i perioden 2015–2020. Av desse midlane er det til saman 90 prosjekt som ikkje har levera sluttrapport. Dette utgjer at til saman 46 prosent av samla midlar utdela, ein sum på 25 725 350 kroner, ikkje er gjort greie for (Arkivverket, 2020a; 2022c).

Graf 4.10..2.1



Sum tildelingar og urapportera prosjekt 2015–2020

5 Drøfting

«Based on the previous experience, we expect to find a higher share of innovation in institutions found in countries with a greater wealth, higher social capital, greater size of population and higher level of digital information literacy» (Borowiecki og Navarrete, 2017, s. 230).

Noreg burde altså ha alle forutsetninga for å skape innovasjon i Arkivsektoren. Ulike regjeringsar og kulturdepartementet (KUD) har då òg ved mange høve ytra ynskje om at innovasjon er noko arkivsektoren skal vera opptekne av. Ordet innovasjon er likevel ikkje nemnt i tildelingsbreva (2015, 2019) om utviklingsmidla. I staden blir det vist til Arkivverket sine overordna mål som er å samle inn, bevare, dokumentere og formidle kulturarv. I tillegg seier brevet frå 2015 at midla skal vera søkbare og knytt til program med klare mål og «[..] bidra til utvikling og styrking av arkivsektoren» (Lien og Nordtug, 2019, s. 2). Det er likevel mogleg at KUD i ytterlegare styringsdialog har utdjupa måla, men denne informasjonen har eg ikkje hatt tilgang til.

Sjølv om dei statlege organa ynskjer innovasjon kan det likevel vera fleire utfordringar. Innovasjonsmeldinga (Meld. St. 30) ser på fleire faktorar som spelar inn om det er ein kultur for den fleksibiliteten og nysgjerrigheita som trengst for å lukkas med innovasjon. Dei ser på utfordringa med å balansere innovasjon og nytenking med drift og kontroll. Der det er ein kultur som er prega av å vera tilfreds med ting slik dei er og kontrollbehovet er for stort vil kapasiteten til nytenking vera lågare (Meld. St. 30, 2019–2020). For mange vil òg eit press på å få gjennomført

daglege pålagde oppgåver vera til hinder for den ekstra energien som trengst i innovasjonsprosjekt (Rønning, 2021, s. 11). Arkivverket mottekk likevel mange søknader som gjeld digitalisering, og som Navarrete og Borowiecki påpeika kan eit ynskje om digitalisering godt vera ein indikator på innovasjonspotensiale (Borowiecki og Navarrete, 2017, s. 228–230). Eg håpar og trur ikkje det er slik at arkivsektoren ikkje ynskjer å fornye seg.

På innsatsområda vert innovasjon fyrst nemnt i 2021 og då som eitt av to programområde med ordlyden «Innovasjon i offentlig forvaltning» og «Videreutvikling av privatarkivfeltet» (Arkivverket, 2020a). Ein kan difor stille spørsmål ved korleis Arkivverket i samband med eigen vurdering av midla meiner eitt av to hovudpunkt i heile perioden (2015–2022) har vore «Utvikling av sektoren, hvor det kan søkes om støtte til innovative tiltak på nasjonalt nivå» (Arkivverket, 2022a). Programområda for støtte var i 2022 dei same som i 2021 og kriteria som har vore førande er dei same som i 2019. Det kan diskuterast om det har kome klårt nok fram om det er slik at innovasjon har vore intensjonen ved å få tildelingar av arkivutviklingsmidla. Mål og innsatsområde har ikkje gjort det tydeleg at Arkivverket har hatt eit særskilt ynskje om innovasjon. Som vi har sett i søknadene resulterer det i mange ulike tolkingar av kriteria «kjem mange til gode og fremjar samarbeid og heilskap» og «nytenkande og/eller tek i bruk ny teknologi ». Ein kan difor tenkje seg at arkivinstitusjonane vil søkje om arkivutviklingsmiddel for å gjennomføre tiltak der dei kjenner det akutte behovet er størst. Som vi ser av søknadene i til dømes 2020 er det flest søknader for prosjekt som ynskjer å bevare og digitalisere privatarkiv (Arkivverket, 2020a).

Om vi som døme ser på innsatsområda for 2019 kjem det ikkje fram *kva* kriteria er for å vera nytenkjande eller kor mange «mange» er som prosjektet skal koma til gode. Det kjem heller ikkje fram av nettsidene for kriteria i 2022 *kva* dei legg i omgrepet innovasjon og som vi har sett tidlegare finst det ei lang rekke med definisjonar på kva innovasjon er. På spørsmål på e-post om kva Arkivverket legg i at noko er «nytenkjande og/eller tar i bruk ny teknologi svarar Wang at dei ser for seg at prosjektet skal ta for seg ein ny metodikk, ny løysing, nytt system eller eventuelt ein ny form for samarbeid eller å løyse oppgåver på som ikkje frå før er gjeldande i sektoren. Dei har ikkje nokon definisjon på «mange», men ynskjer at vinsten av eit igangsett prosjekt må ha eit visst nedslagsfelt og at «mange» kan gjelde både mange personar og mange institusjonar. Hovudmålet er at utdelinga av midlane skal ha nytte ut over den einskilde institusjonen og samstundes ha moglegheiter for overføringsverdi av framgangsmåtar og/eller resultat (Wang, 2023). Om dei sjølv hadde vore klårare og uttrykt kva dei ynskjer å oppnå ville

søknadene kunne blitt betre. Dei vil òg kunne tildele sikrare og kunne sjå i sluttrapporten om midla er nytta etter formålet. Arbeidsgruppa skriv då òg i sin rapport at dei i arbeidet vidare med arkivutviklingsmidla vil sørge for at utlysinga har «[..] eit klart språk og tydelege formuleringar som gjer det enkelt for søker å forstå kva tiltak ein kan søka om, og kva som fell utanfor.» (Arkivverket, 2023b, s. 10) Som Arbeidsgruppa nemner er det viktig å tilpasse utlysingane, innsatsområda og kriteria for tildeling etter dei føresetnadene som er i sektoren om vi skal vi koma vidare (Arkivverket, 2023b, s. 10).

«Per dags dato publiserer Arkivverket alle innsendte sluttrapportar på etaten sine heimesider. Dette er ei minimumsløysing» (Arkivverket, 2023b) heiter det i sluttrapporten frå Arbeidsgruppa. Men om dette er ei minimumsløysing, kva gjer dei då om sluttrapporten manglar? Øyremerkte midlar frå statsbudsjettet gjevne til Kulturrådet, Nasjonalbiblioteket og Riksarkivet gjer dei som *søkjer* midla ansvarlege for at pengane blir bruka til rett formål. Det er ikkje noko lov eller forskrift som seier kva dei skal gjera. Den styrande effekten av desse tilskota, slik som utviklingsmidla, er difor avhengig av kontroll og rapportering av bruken av pengane (Stokstad, 2020, s. 100). Når Arkivverket ikkje har tatt tak i dei manglande sluttrapportane, gjev det signal om lite kontroll. Når nær 26 millionar har «blitt borte» på seks år stillast det for lite krav til at søkerane gjennomfører prosjekta. På spørsmål til Arkivverket om det nokon gong har skjedd at dei har bede om pengane attende var svaret at det moglegvis hadde skjedd ein gong, med eit avbrote prosjekt (Wang, 2023). Det verkar altså ikkje som om Arkivverket har sett av ressursar til å fylgje opp prosjekta. Om dei ynskjer og forventar fleire søkerader om innovasjon så bør dei òg sørge for at prosjekta vert gjennomførde og dela.

I sin eigen Årsrapport for 2019 trekker dei fram prosjektet «Fra grasrota til Stortinget - å dokumentere politiske partier i en digital tid» som særskilt viktig og det prosjektet med størst tildela einskildsum på over ein million (1 040 000) til eit treårig prosjekt. Prosjektet skulle utvikle ny metodikk for å bevare digitalt skape privatarkiv og ha overføringsverdi til ulike friviljuge organisasjonar og gje heile landet ny kompetanse. Samarbeidet mellom museum og arkiv skulle òg spreie digital arkivkompetanse til museumssektoren. To andre utviklingsprosjekt som blir trekt fram som viktige er dei 2,5 millionane som er gjevne til arkiva etter norsk næringsliv; Norsk Bergindustri og Norsk Sjømatarkiv. Desse arkiva vert skildra som ein sentral del av vår samfunnssdokumentasjon og ei umissande kjelde til forståinga av norsk samfunnsutvikling (Arkivverket, 2020c). Ingen av desse tre særskilt nemnte utviklingsprosjekta har levera slutt-rapport per. 17.04.2023.

På Arkivverket si nettside *Ressursside for pågående prosjekter* står det under sett «Felles betingelser gitt i tilsgagnsbrev» at dei som mottek tilskot skal stille opp på evt. kurs/seminar/workshops *arrangera av Arkivverket* for å formidle erfaringar frå prosjektet (Arkivverket, 2022d, mi kursivering). Sluttrapporten til Arbeidsgruppa seier Arkivverket tidlegare har arrangera seminar der deltakarar som har motteke midlar delar erfaringar og vinstar frå prosjekta, og at dette *igjen* må arrangerast etter «koronastengde seminarrom» for å bidra til kunnskapsdeling (Arkivverket, 2023b, s. 15). Fyrste og einaste gongen Arkivverket har arrangera erfaringsseminar som eg kan sjå var i 2019, og då berre for privatarkiv (Arkivverket, 2021). Deling av erfaringar har altså ikkje vore prioritera.

«Vi bygger et nytt digitalarkiv!» står det på Arkivverket sine sider i dag, seks år sidan Riksrevisjonen skreiv i sin rapport at vidareutviklinga av ny programvare skulle vera i drift i løpet av 2016. Sida er sist oppdatera i mai 2020 (Arkivverket, 2020b). Då forklara Arkivverket at årsaka til manglande løysingar for å gjera digitale arkiv tilgjengelege var at dei ikkje hadde fått *avle-vera* digitalt skapte arkiv. Dette er same grunngjevinga dei gav til Riksrevisjonen då dei skreiv sin rapport *Riksrevisjonens undersøking av digitalisering av kulturarven* i 2017. I eit intervju med Inga Bolstad på nettsida seier ho at Arkivverket har fått oppdraget å bygge Digitalarkivet til å bli ei nasjonal løysing for sikring og publisering av alle typar arkiv. «– Men før ein kan digitalisere og publisere, er det naudsynt at privatarkiva faktisk er samla inn og satt i stand», seier Bolstad (*ibid.*). Undersøkinga av sluttrapportane har vist at fleire av mottakarane av arkivutviklingsmiddel frå 2019 har ynskt å publisere sine ferdige digitalisera arkiv på eigne plattformar, men vorte overtydd av Arkivverket til å heller publisere på deira løysing Digitalarkivet. Dansearkivet fekk ikkje publisera sin Asta-katalog til Digitalarkivet då det ikkje var mogleg å laste opp foto og audiovisuelt materiale i portalen. Sjølv måtte eg gå via lekkje på heimesida til Trondheim byarkiv for å finne igjen dokumenta frå Otto Nielsen sitt arkiv på Digitalarkivet. Det kan diskuterast om det har skjedd så store forbetringar på Digitalarkivet sidan 2016. Det er under utvikling ei løysing som skal sjå annleis ut, ha meir innhald og vera enklare i bruk enn i dag. Lanseringsdatoen er framleis ikkje kjend.

Riksarkivar Inga Bolstad seier på eigne nettsider at dei er inneforstått med at arkivsektoren har vore lite prega av innovasjon og modernisering dei siste 20 åra, og at dei tradisjonelle metodane for å sikre og ta vare på arkiv ikkje fungerer lengre. Arkivverket peikar på at det er heilt avgjande å tenkje nytt og utradisjonelt for å møte nye utfordringar på arkivfeltet. (Arkivverket,

2023a). Rapporten frå Arbeidsgruppa har lagt fram forslag til ny utlysingstekst for arkivutviklingsmidla for perioden 2023 – 2026. Det fyrste programområdet er *Innovasjonsarena for arkiv og dokumentasjon (IDA)* med to innsatsområde Arkivspira og Arkivveksthuset. Dette programområdet skal gje arkivinstitusjonane spelerom og ressursar til å bli betre på innovasjon. Det andre programområdet har dei kalla *Startskot for tilgjengeleggjering av kulturarven* og dette handlar om sikring og katalogisering av privatarkiv. Ein kan jo undre på om ikkje startskotet til dette løpet gjekk i 1999 med stortingsmeldinga om ABM-institusjonane i ein digital tidsalder.

6 Konklusjon

Slik eg ser det er det fleire årsaker til at Arkivverket ikkje har motteke så mange søknader om innovative tiltak som dei forventa og ynskte. Den mest openberre årsaka er for meg at Arkivverket ikkje har vore tydelege nok. Innsatsområda har ikkje vore særskilt retta mot innovasjon. Ein annan grunn kan vera at det rett og slett er ulike oppfatningar om kva innovasjon er. Som vi har sett *kan* innovasjon vera å kopier gode løysingar frå andre og ta dei i bruk på sin eigen måte. Som vi såg i Trondheim byarkiv si grunngjeving av kvifor deira prosjekt var nytenkjande og/eller tok i bruk ny teknologi: «Nytenkende for oss i Trondheim kommune». I nokre tilfelle har Arkivverket sjølv vore til hindring for sjølve gjennomføringa av innovasjonen i prosjekta slik vi såg med Dansearkivet som ikkje fekk lasta opp foto og audiovisuelt materiale til Digitalarkivet. Som definisjonane på innovasjon viser er det ein viktig del av innovasjon at dei nye ideane, tenestene eller produkta vert tekne i bruk. Formidling er jo òg eitt av hovudperspektiva i digitalisering av kulturarv. Der har mottakarane av prosjektmiddel og Arkivverket eit felles ansvar for at resultata av prosjekta vert gjort kjend, tilgjengeleggjorde, dela og teke i bruk. Arkivverket burde i større grad etterlyse sluttrapportane som skal sørge for at resultata av arkivutviklingsmidla vert tilgjengeleg for alle.

Arkivutviklingsmidla har i den perioden eg har undersøkt ikkje ført til innovasjon i særleg grad. Det er nok behov for å presisere utlysingane frå Arkivverket, slik at omgrepet innovasjon er tydeleg definert for at søkerar skal kunne vite kva som er forventa. Det vil kunne lette tildeling på rette vilkår. Betre oppfølging i etterkant av gjennomførte prosjekt er òg sentralt for å sikre at midla vert nytta etter siktet. Kanskje er det slik at digitaliseringsjobben må gjerast først, men som vi har sett er dette truleg berre det fyrste steget mot eit løysing på krisa vi no kan kjenne på når det gjeld korleis vi bevarer, tilgjengeleggjer og formidlar digitale arkiv. For at vi skal koma i mål er det truleg meir enn arkivutviklingsmidla som skal til.

Kjelder på pensum

Meld. St. nr. 8 (2018-2019) *Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida*. Oslo:

Kulturdepartementet. Tilgjengeleg frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/9778c28ab1014b789bbb3de0e25e0d85/nno/pdfs/stm201820190008000dddpdfs.pdf>.

Ridener, J. (2009) *From Polders to Postmodernism: a concise history of archival theory*. Duluth (Minnesota): Litwin Books.

Riksrevisjonen (2017) *Riksrevisjonens undersøking av digitalisering av kulturarven* Riksrevisjonen. Tilgjengeleg frå: <https://www.riksrevisjonen.no/globalassets/rapporter/no-2016-2017/digitaliseringkulturarv.pdf>.

St.meld. nr. 24 ((2008–2009)) *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv* Kultur- og kirkedepartementet.

Wold, T. og Ween, G. (2018) Digitale visjoner. En kartlegging – identitet, tilgjengelighet, og digitalt demokrati, *Nordisk Museologi*, s. 90–106. doi: <https://doi.org/10.5617/nm.6657>.

Ressurssider fra Arkivverket

Arkivverket (2020a) *Tidligere søknader og tildelinger*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsmidler-for-arkivsektoren/tidligere-soknader-og-tildelinger#!#block-body-5> (Henta: 03.04 2023).

Arkivverket (2020b) *Vi bygger et nytt Digitalarkiv!* Tilgjengeleg frå:

<https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/vi-bygger-et-nytt-Digitalarkiv> (Henta: 16.05 2023).

Arkivverket (2021) *Erfaringsseminar for utviklingsmidler for privatarkiv 2019*. Tilgjengeleg frå: <https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsmidler-for-arkivsektoren/erfaringsseminar-for-utviklingsmidler-for-privatarkiv-2019> (Henta: 13.02 2023).

Arkivverket (2022a) *Arkivutviklingsmidlene under lupen*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.arkivverket.no/nyheter/arkivutviklingsmidlene-under-lupen> (Henta: 10.02 2023).

Arkivverket (2022b) *Disse prosjektene får utviklingsmidler i år*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.arkivverket.no/nyheter/disse-prosjektene-far-utviklingsmidler-i-ar> (Henta: 18.05 2023).

Arkivverket (2022c) *Prosjektrapporter / sluttrapporter*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsmidler-for-arkivsektoren/prosjektrapporter-sluttrapporter#!#block-body-1> (Henta: 09.04. 2023).

Arkivverket (2022d) *Ressursside for pågående prosjekter*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/utviklingsmidler-for-arkivsektoren/ressursside-for-pagaende-prosjekter> (Henta: 13.02 2023).

Arkivverket (2023a) *Tippemidlar skal gi meir innovasjon i arkivsektoren*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.arkivverket.no/nyheter/tippemidlar-skal-gi-meir-innovasjon-i-arkivsektoren> (Henta: 19.04. 2023).

Eige pensum

Arkivverket (2020c) *Årsrapport 2019*. regjeringen.no. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokument/tildelingsbrev-og-arsrapportar/id2357472/>.

Arkivverket (2023b) *Sluttrapport Prosjekt- og utviklingsmidlar på arkivfeltet 2023–2026*. arkivverket.no. Tilgjengeleg frå: <https://www.arkivverket.no/nyheter/tippemidlar-skal-gi-meir-innovasjon-i-arkivsektoren>.

Borowiecki, K. J. og Navarrete, T. (2017) Digitization of heritage collections as indicator of innovation, *Economics of Innovation and New Technology*, 26(3), s. 227-246. Tilgjengeleg frå:

<https://www.tandfonline.com/doi/citedby/10.1080/10438599.2016.1164488?scroll=top&needAccess=true&role=tab&aria-labelledby=cit> (Henta: 21.04.2023).

Cook, T. (2012) Evidence, memory, identity, and community: four shifting archival paradigms, *Archival science* (13). Tilgjengeleg frå: <https://doi.org/10.1007/s10502-012-9180-7>.

Lien, S. og Nordtug, M. (2019) *Statsbudsjettet 2019 - tildelingsbrev*. regjeringen.no: Kultur- og likestillingsdepartementet. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kud/tildelingsbrev-arsrapporter-og-instrukser---kud/id750084/?expand=factbox2546196>.

Meld. St. 30 (2019–2020) *En innovativ offentlig sektor — Kultur, ledelse og kompetanse*. regjeringen.no: Kommunal- og distriktsdepartementet. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-30-20192020/id2715113/?ch=1>.

Myhren, K. og Danielsen, Ø. (2015) *Statsbudsjettet 2015 - tildelingsbrev*. regjeringen.no. Tilgjengeleg frå: https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/kud/tildelingsbrev-og-arsrapporter/arkivverket_2015.pdf.

Regjeringen Solberg (2018) *Prop. 1 S (2018–2019)*. regjeringen.no. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-20182019/id2613191/?ch=1>.

Regjeringen Stoltenberg II (2014) *Prop. 146 S (2013–2014) Kommuneproposisjonen 2014*. regjeringen.no. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop-146-s-2012-2013/id726677/>.

Rønning, R. (2021) *Innovasjon i offentlig sektor. Innover eller bli innovert*. Universitetsforlaget.

Sopra Steria AS (2018) *Evaluering av SAMDOK*. arivverket.no. Tilgjengeleg frå: chrome-extension://efaidnbmnnibpcajpcglclefindmkaj/[https://www.arkivverket.no/sok/_attachment/inline/a00a12b9-14a5-4ddd-9ebc-a294486d9703:17785b6046b3ad475990ff9420ca3a1f44158eb8/Evalueringssrapport%20\(Sopra-Steria\)%20SAMDOK-prosjektet-BS-26.10.2018.pdf](https://www.arkivverket.no/sok/_attachment/inline/a00a12b9-14a5-4ddd-9ebc-a294486d9703:17785b6046b3ad475990ff9420ca3a1f44158eb8/Evalueringssrapport%20(Sopra-Steria)%20SAMDOK-prosjektet-BS-26.10.2018.pdf) (Henta: 19.04.2023).

Stokstad, S. (2020) Norwegian National Policies for Digitalization in the LAM Sector – Imperative and Implementation, i Andresen, H., et al. (red.) *Libraries, Archives and Museums as Democratic Spaces in a Digital Age*. Berlin, Boston: De Gruyter Saur, s. 91–109.

Upubliserte dokument

Arkivinstitusjon (2019) Søknader 2019. Upublisert.

Wang, S. E. (2023) Spørsmål ang. bacheloroppgave, 29.03.2023.

Nettsider

Aust Agder museum og arkiv *Portrettsamling*. Tilgjengeleg frå:

<https://agderbilder.agderfl.no/fotoweb/archives/5004-Aust-Agder-museum-og-arkiv/?txnm=5ede766c2cb3e187d1580349> (Henta: 16.04 2023).

Digitalt Museum *853 treff i Museene i Akershus*: Tilgjengeleg frå:

<https://digitaltmuseum.no/search/?q=granimuseet&aq=owner%3F%3A%22AFM%22> (Henta: 15.04 2023).

Norsk digitalt fangearkiv 1940–1945. Tilgjengeleg frå: <https://www.fanger.no/> (Henta: 15.04. 2023).

